Rapport om tvangsreturnerte til Etiopia

Av Marit Gjærum og Audgunn Oltedal

Regjeringa vektlegg meir enn før å returnere asylsøkarar med endeleg avslag. Frå april/mai 2024 er over 20 etiopiarar blitt tvangsreturnert til landet dei flykta frå, ofte på brutalt og umenneskeleg vis.

I rapporten 'De som ble sendt tilbake' oppsummerer Yemanenettverket sin kontakt med fleire av dei tvangsreturnerte, med vekt på situasjonen for fire av dei; Nagga- 23 år i Norge, Sara-20 år i Norge, Ezana,- 22 år i Norge, og Daniel - 16 år i Norge. Fleire av dei tvangsreturnerte har ikkje fått ID-papir av etiopiske styresmakter, somme har vore fengsla i periodar. Sams for dei tilbakemeldingar som kjem, er at dei beskriv livet i Etiopia som utrykt og vanskeleg, sterkt prega av omfattande valdelege konfliktar som pregar landet.

Sette en grense

I dag kan asylsøkarar med avslag returnerast livet ut. Sentralt i rapporten er krav om at lengeværende asylsøkere med endeleg avslag må få opphold på humanitært grunnlag seinast 10 år etter registrering. Det må setjast ei grense for kor lenge det skal gå an å tvangsreturnere asylsøkarar med avslag.

Ikkje vektlagt

I rapporten oppsummerer nettverket sitt innspel våren 2024 til partias arbeid med partiprogramma. Gruppa lengeverande asylsøkarar med avslag har ikkje grunnleggjande menneskerettar og barnets beste blir overkøyrt av det som blir omtalt som innvandringsregulerande omsyn. Yemanenettverkets krav til partia er i svært liten grad tatt med i partiprogramma for stortingsperioden 2025-2029.

Tema på Arendalsveka

Biskop emeritus Tor B Jørgensen legg fram rapporten 'De som ble sendt tilbake' på Arendalsveka. Det skjer på møte saman med NOAS måndag 11.august kl.14.45 på Arendal Vinloge.
https://www.arendalsuka.no/programsoek/details/31140

I tillegg blir rapporten omtalt i møte som Mennesker i Limbo/Yemanenettverket har ansvar for; tyrsdag 12/8 kl 12.00-13.00 - på standplass 141 og 142, og i møte onsdag 13/8 kl 12.00-13.00 - på standplass 141 og 142.

Om Yemanenettverket

Eritrearen Yemane Teferi har gitt nettverket navn. Han døydde på Bømlo 8.januar 2016 etter 24 år i asylmottak i Sverige og Norge. I dei snart ti åra som er gått sidan Yemane døydde, er 8.januar blitt ein dag kor mange - frå ulike miljø og på tvers av politiske og livssynsmessige skiljeliner– går saman for å kreve endringar i dagens strenge regelverk i asylpolitikken. Med i Yemanenettverket er Mennesker i limbo (MiL), Internasjonal kvinneliga for fred og frihet (IKFF), Rettferdighet i asylpolitikken (RiA),Norsk Folkehjelp Solidaritetsungdom, Norges Kriste Råd (NKR), Kristent interkulturelt arbeid (KIA), Freds- og forsoningskirken/Trefoldighetskirken, Antirasistisk senter.